

Fra: Vegard Andreas Larsen <vegard@digitalcreations.no>
Sendt: 19. desember 2014 10:47
Til: Postmottak Meland
Kopi: Francis Rath; Leif Erik Gullanger
Emne: Salg av meieribygget

Hei,

me i Digital Creations AS er på jakt etter eit hovedkvarter for vår bedrift, og har i lengre tid sett på det gamle meieribygget på Frekhaug (1256-23/68 Rundhaugen).

Fleire lokale høgteknologi-bedrifter har ønskje om ei samlokalisering, og meieribygget er eit utmerka bygg til dette formålet. Lokasjonen like ved snooggåtkaien og nærleiken til bussterminalen gjer det til eit utmerka bygg for å tiltrekke seg arbeidskraft frå Bergen.

Me føler at dei eksisterande områda som er avsatt til næringsutvikling i kommuneplanen er meir retta mot industribedrifter. Næringseidedom for vår type bedrift er noko Meland kommune har mangel på per i dag.

Me forstår det slik at meieribygget er i dårlig stand, med eit tak som lekk og har gjort det i fleire år. Bygget ser heller ikkje særlig godt holdt ut utvendig. Det er vår oppfatning at bygget i seg sjølv allereie har negativ verdi.

Å gjere meieribygget om til eit kontorbygg vil vere minimalt forstyrrande for naboane. Det vil vere lite aktivitet på kveldstid og kontorlokaler gjer lite støy. Samstundes er det lite biltrafikk for vår type bedrift.

Me ønskjer difor at kommunen utgreier moglegeheten for å selge dette bygget (saman med huset som står på same tomt) til bruk i næringsverksemnd.

Om de konkluderer med at de ikkje ønskjer å selge meieribygget, blir me nødt til å leite etter andre mogleheiter, då og utanfor kommunen.

Me er opne for å gjere greie for våre planar og idear for området. Om de har spørsmål er me lettast å nå via e-post på mail@digitalcreations.no eller via telefon 996 13 958.

Med vennleg helsing,

Vegard Andreas Larsen
Styreleiar
Digital Creations AS